

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 79.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Bindebrev og andre brev.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle .

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Bindebrev kjennæ eg ikkje noko til, dei vart ikkje brukte heima i min barndom, og eg kjennæ ikkje til dei vart brukte sidan heller. Eg har snakka med ein frå ei onnor bygd som minnestylske, dei vart henge på vegg; det var minnebrev, dette.

Himmelbrev veit eg heller ikkje av, eller kistebrev.

## Emnelista nr. 80. Folkemedisin.

Bruk av öyreringar skal koma av sure augo, so vatsrann.

1. Folk er no mindre hardføre enn før, so synet på sjukdom er no onnorleis, folk sökjer meir lækjar enn før, då doktorar var sjeldan å finna.
2. Folk ottast smitte før og, og sume hadde visse råder mot den, t.d. tyggja einebær, eller rogg tobakk, som dei meinte kunde verja mot smitte. Eller dei brende noko, anten inne eller ute. Sume la seg og ned, t.d.
3. Folk hadde medisn liggjande, sume då, mot brannår, frostskade, kikehoste o.a. Det kunde vera urter til te eller log eller salve. Mot kikehoste kunde det vera merre-mjolk. Ein mann hadde funne bukkeblad, han hadde samla; desse vart nytta når kröteri fekk raudsott, og han hjelpte mange med dette, kröteri vart gode att.
4. Det var ikkje berre på større gardar dei hadde medisn liggjande, det var like mykje hjå småfolk, som kunde ha iglar ståande og dei var viljuge låna dei ut eller gjeva medisn.
5. Dei lånte gjerne ut medisn. Heima var langt til prest og jordmor, so at nokon lånte hjå dei var ukjent. Då reisste dei heller til doktor.
6. Mot tannverk kunde dei nytta mange råder, den var leid når han tok til. Dei kunde nytta tjöra, gjerne varm, dei røykte tobakk og prøvde anna, Ofte enda det med at dei måtte få tonni ut. Kvae kjenner eg ikkje til vart brukt.
7. "Treak", eller lokris brukte dei mot bryst-svæde og anna, den vart kjøpt ferdeg.
8. Dyveldrikk vart i min barndom kjøpt ferdeg på apotek, kva dei bruka den for kjenner eg ikkje til, men dei hadde jamt ståande ei liti flaska av den. Noko anna dei ofte hadde var grasia-dropar, mot dårleg mage. Kva dette var veit eg ikkje.
9. Dei som kjende til urter samla inn, likeso andre ting dei visste var til nytte.
10. Dette vart göymt på flasker, glas, posar, pottes, i skåp og kister.
11. Var der noko dei kunde få kjøpt på apotek. kjøpte dei of-

15672

~~15672~~

te der, dei hadde gjerne meir tru på dette, dei kalla det apotekåaker. Dei vart jamt dyrare.

12. At dei kjøpte hjå kramkarar veit eg aldri av. Det måtte då vera giktdingar, som ei tid var mykje i vinden. Når dei kom på huset med slikt, og handelsmannen var god snakka for seg, kunde dei saktens få selja. Ei kona hadde kjøpt ein giktring, gjekk med han ei stund, smiste ho trui på han og kasta han på sjöen.

13. Uppskrifter på medisiner hadde dei ikkje heima, eller prenta kjelder, dei vart yverleverte munntleg.

14. Helle ikkje lækjarböcker hadde dei.

15. Lækjarråd: Lækjeböcker mot svullar, sur, eller helst söt saft mot dårleg mage, eller livsykja. Stundom bles dei alun i halsen på kråmsjuke. Ofte la gamle folk seg ned og sveitta krimet út. Ein sokk kring halsen når ein hadde vondt der, var ikkje å forakta, men det laut vera av vinstre foten, og undersida av den lagd næmast halsen, so sov dei med dette.

Mykje vanleg var det å årelata folk, eller stjå iglar på, eller koppa. Iglar har vore brukte etter 1810, ein mann fortalde han hadde igla ei kona som hadde lungebetennelse, ho kom seg. At dei sette koppar på folk, som saug seg fulle av blod, er heller ikkje framandt, og at dei årelet. Heima var i min barndom ei tenestegjenta som fekk ein mann, frå Finnøy, til å årelata seg. Ho sette foten i ei vatsbytta, so hogg han hol med ein "bill", og det blödde i bytta.

II. Bygdelækjarar.

18. Sume hadde naturlege gåver til å lækja sjuke, og dei vart nytta. Dei samla kunnskap um slikt alle stader, og sume etter fostra fleite slike, det gjekk i arv. Mange var dugande.

16. Både menn og kvinner dreiv lækjararbeid.

17. Ofte var dei frå mindre plasser, sjeldan frå dei større gardar.

18. Ofte var det innfluttarar. I Tysvær hadde dei kring 1900 ein som då var gamal, innfluttar, dei kalla honom Murhusen, han skulde ha kjøpt kunsten for ein spd. Dette trega han sidan. Kring 1900 var der ei ung gjenta som lo at xxx han og sa han kunde ikkje noko, andre sa ho måtte ikkje dette, han hörde dette, og so vidt eg kjennet til hende der ikkje noko med henne etterpå.

19. Det hende dei tok til med kunsten sin i ung alder.

20. Ofte hadde nok nokon i ætti drive dette tidlegare.

21. Det var helst ei medfödd evna som viste seg, utan at eg veit meir um dette.

22. Det hende dei etter ulukker tok arbeidet upp, eller etter sjukdom, som dreiv dei til dette.

23. Nokoyrke vart det sjeldan av det, um enn sume hadde mykje gjera med slikt, ofte fekk dei det i arv, t.d. på Nedstrand der det på ein gard var fleire ætteledar som dreiv det. Ofte venta dei til folk kom til dei, sjeldnare gjekk dei xxx og då helst når dei vart kalla.

24. Dei tok sjeldan noko for dette, det var gratis, so dei hadde tap på det sjölve, for det gjekk både tid og pengar for dei.

25. Dei fyrste distriktslækjarane hadde ofte samarbeid med slike, gav dei råd, minare vart dette slutt og no er det helst slutt på samarbeidet.

26. At der var nokon som kristiserte bygdelækjarane veit me.

Likevel er her sume som held arbeidet uppe derdag idag. T.d. Viste-mannen i Randaberg, som har drive dette i 2 æt- led. Dei skal taka nokre hår av hovudet og gå i einrom sjå på, kjem so inn og segjer det som vantar. Ei liti soga: ein mann vart gamal og miste minnet. Han gjekk til doktor som sa det var årekalking, og ingi råd, Borni hans vilde han skulde til Vistemannen, og han reiste, han sa nett det same som lækjaren, berre at han kunde gjera honom god. Han fekk nokre flasker vatn, og då desse var slutt fekk han meir, og xxx seg, döydde yver 90 år, klar i hovudet. Det var askelauv han laga vatnet av, og denne mannen sende sidan askelauv til Vistemannen.

15672

15563

- 27. Postmeister Egede-Nissen i Stavanger melde Vistemannen og fekk honom for retten, og han vart nekta driva med visse lækjarråd, eller ta seg av visse sjukdomar.
  - 28. Kven som møtte som vitne kjenner eg ikkje til. Ei Kari Sokn skulde og vore flink, ho budde nærre Stavanger og er no burte for læge sidan. Ho kunde og, etter segni, gjera god for sukkersykja, um eg ikkje tek feil.
  - 29. Det var mykje urter dei samla og laga medisiner av, mindre var det av lækjarråder frå dyr og mineralriket. Det måtte vera at dei tok "gjorten" frå dyr og gav andre som vanta noko, dette vilde sjeldan lukkast.
  - 30. For det meste samla dei sjølve.
  - 31. Planter turka dei, kjøt o.l. salta dei og hægde opp til turk.
  - 32. Det hende truleg og at dei kjøpte på apotek.
  - 33. Eg kjenner lite til det utstyr dei blanda medisinen i.
  - 34. Heller ikkje til at dei hadde oppskrifter gå etter, um dette enn ikkje er utruleg.
  - 35. Vatn frå helsekjelder vart bruka. På garden Kalvaland i Skjold hadde dei ei slik helsekjelda, for, no er ho ikkje akta. Dei hadde og hyll, som dei kalla gudetre, koka borken av dette, det skulde vera mot dårleg mage, skov dei denne nedanfrå opp, var det mot laust liv, medan dei skov ovanfrå mot for fast.
  - 36. Det kunde gjerne henda dei göymde vatn frå helsekjelda, men ikkje lenge.
  - 37. Korn-brennevin kunde dei bruka i ymse tilhøve.
  - 38. I Vats hadde dei ein gamal klokkar dei nytta som bygdedoktar, serleg for gamle sår, utslett og truleg og anna.
  - 39. Dei hadde ymse reidskapar, t.d. knivar, tenger å trekkja tenner med, ein "bill" å årelata med, horn å koppa med, iglar o.a. Dei årelet for lungebetennelse og.
  - 40. Teknisk utstyr vart truleg laga av smedar i bygd.
  - 41. Dette veit eg ikkje noko um, utruleg er det ikkje.
  - 42. Dei dreiv med årelating og kopping.
  - 43. Dei hadde "bill" å hogga hol på årer, koppar (av horn) å setja og få fulla av blod, og tenger til ulike ting.
  - 44. Iglar fann dei ofte sjølve, seinare kunde dei og kjøpa dei på apotek. So seint som 1913 vart iglar bruke, mot lungbetennelse.
  - 45. Stemming av blod kjenner eg ikkje til dei dreiv med.
  - 46. At dei spesialiserte seg på visse sjukdomar veit eg ikkje av, men dei var ikkje alle like flinke til alle sjukdomar.
  - 47. Dei göymde reidskapen sin i ei taska e. liknande.
  - 48. At dei kunde ha eit skrin ha dei i, veit eg ikkje av, sume kunde nok ha so mange dei hadde skrin ha dei i.
- Lækjarbøkera
- 49. Sume hade nok slike dei las i for å finna råd mot sjukdomar.
  - 50. Kor desse var prenta veit eg ikkje.
  - 51. At nokon lærte seg framande språk for å lesa slike veit eg ikkje.
  - 52. Dei lånte ikkje gjerne desse bøkene ut.
  - 53. Noko slike som er göymde til var tid kjenner eg ikkje til, um det vel nok kan vera.

15572  
~~15563~~